

Stall det neste på Kalvatre

19.04.2012

Kjetil Fossheim (26), arbeidar på SØRAL men som er oppvaksen på gard, held fram med å rusta opp og etablera seg på bruket Kalvatre som ligg på Musland.

Før jul flytta han inn i våningshuset som er ein kopi av det som sto der tidlegare men som var sterkt merka av tidas tann. No har han varsla søknad om oppfløring av ein kombinert stall og reiskapshus Huset blir på 78 kvadratmeter bruksareal , Det vert liggjande i eit LNF-område nærmare fylkesvegen enn det noverande tunet

Saksbehandlar Eva Sundal opplysar at søknaden skal behandlast som landbruksbygg og i fyrste omgang vil ho veta om det er fornminne i det området som er aktuelt.

Kjetil er ein av fleire som gledeleg nok har 'kome heim' til grenda øverst i Uskedalen i den seinare tid. Og han gler seg kvar dag når han skal attende til bruket frå jobben. Han har teke over bruket frå mora, som flytta ut i 1965. Då Kjetil kom hadde det ikkje budd folk der på lenge

Biletet viser hovudhuset og den eine låa. Det nye huset er ein kopi av det gamle og ligg på same muren..Kjetil får ros for den løysinga han har satsa på.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen